


Cheercamp i Uskedalen denne sommaren også

11.04.2018



Mange er nok glade for at det vert Cheercamp i sommar også.(Foto: Lars Martin Teigen)

I fjor var det eit nytt, godt og spennande ferietilbod i Uskedalen. Uskedalen Cheercamp 2017 samla barn og ungdom frå heile Kvinnherad i tillegg til tilreisande til særdeles vellukka treningsdagar. 22.-26.juni er Stian Løvik og den dyktige instruktørgjengen tilbake, og mange gleder seg heilt sikkert til fem kjekke dagar.

Samlinga i fjor vart særdeles vellukka, og den vart avslutta med eit flott cheerleading-show i Aktivitetshuset. Deltakarane kosa seg gjennom eit imponerande program, og i amfiet sat publikum og applauderte storleg imponert. Det var stor glede då instruktørane lova å koma tilbake dette året. Og instruktørane har halde lovna!! Dei kjem tilbake med ei utvida og vidareutvikla utgåve av fjorårets camp.

I år deler dei utøvarane inn i 2 kategoriar, peewee og junior. Peewee er frå 6-11 år og junior er frå 12-17 år. I løpet av dei 5 dagane campen varer vil peewee trene 13 timer medan juniorgruppa vil få 20 timer trening. I tillegg vert det oppvisningshow avslutningsdagen.



Frå avslutningsshowet i fjor.(Foto:Audun P. Torseth)

I år er det lagt opp til ein fantastisk mulighet for dei som ønskjer å læra seg endå meir under campen. Dei tilbyr privattimar som deltakarane kan mælda seg på i tillegg. Dei følgjer også opp eit ønskje frå foreldra i fjor. Det vert eit gratis spotterkurs i turn for foreldre som ønskjer å hjelpe barna å utvikla turnferdighetene sine!

Underteikna følgte campen i fjor og var veldig imponert over den gode organiseringa. Det var eit supert tilbod dei unge instruktørane frå cheerleading-miljøet i Bergen, stod for. Dette er verkeleg eit rimeleg og godt tilbod. Kursavgifta er 750 kr for peewee og 900 kr for junior. Inkludert i prisane er: 5 dagar med trening, oppvisning, T-skjorte, cheerleading-sløyfe, sosialkveld 23. juni og lunsj alle dagane.

Påmeldingsskjema [HER](#).

Etter avslutningshowet i fjor fekk dei som var interessert i årets camp, skriva seg på liste. Desse har no fått førsterett til å mælda seg på årets camp, men det vert mange fleire plasser.



Instruktørane ser fram til kjekke dagar på Cheercamp Uskedalen 2018(Foto: Lars Martin Teigen)

Her kan de sjå Karl Petter Vårdal sin video frå avslutningsshowet i fjar. Klikk [HER](#).

Les kva uskedalen.no skreiv om avslutningsshowet i fjar [HER](#).

Sjå Lars Martin Teigen sine fantastiske bilde av dei dyktige instruktørane i fjar [HER](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Lars Martin Teigen og Audun P. Torseth